

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 143/97

av 27. januar 1997

om den tredje lista over prioriterte stoff i samsvar med rådsforordning (EØF) nr. 793/93(*)

(Tekst som er relevant for EØS)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 793/93 av 23. mars 1993 om vurdering og kontroll av risikoer ved eksisterende stoffer⁽¹⁾, særleg artikkel 8 og 10, og

ut frå desse synsmåtene:

I forordning (EØF) nr. 793/93 er det fastsett eit system for vurdering og kontroll av risikoane ved eksisterande stoff. For at risikovurderinga av slike stoff skal kunne utførast, bør prioriterte stoff som krev særskild merksemd, identifiserast.

I artikkel 8 i forordning (EØF) nr. 793/93 er det følgjeleg fastsett at Kommisjonen skal utarbeide ei liste over prioriterte stoff. I artikkel 8 er det dessutan fastsett faktorar som det skal takast omsyn til under utarbeidinga av lista.

I artikkel 10 i forordning (EØF) nr. 793/93 er det fastsett at ein medlemsstat skal tildelast ansvaret for vurderinga av kvart stoff i prioritetslista. Ved tildelinga av stoffa skal det leggjast vinn på å sikre ei rettferdig fordeling av byrdene blant medlemsstatane.

Den første og den andre prioritetslista vart vedtekne høvesvis ved kommisjonforordning (EF) nr. 1179/94 av 25. mai 1994⁽²⁾ og ved kommisjonsforordning (EF) nr. 2268/95 av 27. september 1995¹.

Føresegnene i denne forordninga er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som vart skipa ved artikkel 15 i forordning (EØF) nr. 793/93 -

VEDTEKE DENNE FORORDNINGAR:**Artikkel 1**

1. Den tredje lista over prioriterte stoff i samsvar med artikkel 8 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 793/93 er oppført i vedlegget til denne forordninga.
2. I lista er det òg opplyst kva medlemsstat som har ansvaret for kvart stoff.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 27. januar 1997.

For Kommisjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjord i EFT nr. L 25 av 28.1.1997, s. 13, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 15/97 av 26. mars 1997 om endring av EØS-avtalens II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av De Europeiske Fællesskaps Tidende.
(1) TEF nr. L 84 av 5.4.1993, s. 1.

(2) TEF nr. L 131 av 26.5.1994, s. 3.

(3) TEF nr. L 231 av 28.9.1995, s. 18.

VEDLEGG

EINECS-nr.	CAS-nr.	Stoffnavn	Medlemsstat	
1	234-390-0	11138-47-9	perborsyre, natriumsalt	A
2	215-146-2	1306-19-0	kadmiumoksid	B
3	231-152-8	7440-43-9	kadmium	B
4	247-714-0	26447-40-5	metylendifenyl-diisocyanat	B
5	202-716-0	98-95-3	nitrobenzen	D
6	204-539-4	122-39-4	difenylamin	D
7	225-768-6	5064-31-3	trinatriumnitriotriacetat	D
8	233-118-8	10039-54-0	bis(hydroksylammonium)sulfat	D
9	239-148-8	15096-52-3	kryolitt	D
9a	237-410-6	13775-53-6	trinatriumheksafluoraluminat	D
10	250-378-8	30899-19-5	pentanol	D
11	231-111-4	7440-02-0	nikkel	DK
12	232-104-9	7786-81-4	nikkelsulfat	DK
13	216-653-1	1634-04-4	tert-butylmetyleter	FIN
14	221-221-0	3033-77-0	2,3-epoksypropyltrimetylammoniumklorid	FIN
15	222-048-3	3327-22-8	(3-klor-2-hydroksypropyl)trimetylammoniumklorid	FIN
16	204-371-1	120-12-7	antracen	GR
17	231-959-5	7782-50-5	klor	I
18	201-622-7	85-68-7	benzylbutylftalat	N
19	200-915-7	75-91-2	tert-butylhydroperoksid	NL
20	201-178-4	79-11-8	kloreddiksyre	NL
21	201-328-9	81-14-1	4'-tert-butyl-2',6'-dimetyl-3',5'-dinitroacetofenon	NL
22	201-329-4	81-15-2	5-tert-butyl-2,4,6-trinitro-m-xylen	NL
23	266-028-2	65996-93-2	bek, steinkoltjære-, høgtemperatur	NL
24	203-808-3	110-85-0	piperazin	S
25	201-245-8	80-05-7	4,4'-isopropylidendifenol	UK
26	215-607-8	1333-82-0	krom(VI)oksid	UK
27	231-889-5	7775-11-3	natriumkromat	UK
28	231-906-6	7778-50-9	kaliumdikromat	UK
29	232-143-1	7789-09-5	ammoniumdikromat	UK
30	234-190-3	10588-01-9	natriumdikromat	UK
31	287-477-0	85535-85-9	kloralkan, C14-17	UK